



Helse og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Deres ref:
12/2859

Vår ref
2013/1442-1

Saksbehandler
Evelyn Haram Larsen

Direktetelefon **Dato**
30.09.2013

Forslag til forskrift om IKT-standarder i helse- og omsorgssektoren. Høringsuttale.

IKT- utvalet i Møre og Romsdal viser til brev av 24.juni 2013 med vedlegg vedkomande aktuell høyring. IKT utvalet i Møre og Romsdal er eit underutval til Overordna samhandlingsutval i fylket. Utvalet er tverrfagleg samansett, med representantar oppnemnde frå regionråda og Helseføretak. Medlemmane har brei erfaringsbakgrunn knytt til IKT-drift, oppgåver og ansvar knytt til elektronisk meldingsutveksling, for ulike aktørar som ny forskrift omfattar.

IKT- utvalet har handsama aktuell sak i møte 30.08.2013, med denne uttalen.

Utvalet er positiv til at det kjem ei forskrift om IKT-standandar i helse- og omsorgssektoren, men synest at forskrifta er for vag på fleire punkt. Dette vil vi forklare nærare i punkta under.

1. Standardisering, testing, godkjenning og kontroll.

Høringsnotatet omfattar bruk av fastsette standandar, men forskrifta burde omfatta fleire områder enn dei standandar som er beskrive i notatet. Høringsnotatet omfattar berre korleis informasjon skal utvekslast. Det bør vere meir konkrete krav til standardisering enn det høyringsnotatet legg opp til. Det står at det kanskje bør innførast obligatorisk testing, men basert på kva ?

Sjå kva Riksarkivet har fått til i Noark5 standarden, med eitt krav til ein Noark kjerne, der ulike fagsystem kan koplust til og det er i kjernen ein set opp reglane som igjen avgjer kva som skal skje med dokumentet.

Dersom det vart sett ein standard for meldingstenar, var det behov for berre ein tenar og alle tilknytte fagprogram må fylgje standarden. Krav om opne grensesnitt i alle ledd, vil kunne stimulerer til auka konkurranse og betre funksjonalitet, og enklare løysingar for aktørar i elektronisk meldingsutveksling. Tenaren vil då ligge i midten som ein hub og fordelar meldingane i korrekt lei, uavhengig av program. I funksjonalitet i tenaren kan ein også legge andre reglar, slik at ein slepp å bygge desse inn i kvart


Postadresse
Postboks 94, 6601 SUNNDALSØRA
E-post:
Steinar.holm@iktorkide.no

Besøksadresse
Rådhusbakken 3,6523 Frei
Internett
www.sunndal.kommune.no

Telefon
915 91308
Telefaks

Bank
Org.nr

fagsystem, då dei vert henta frå tenaren. Sjå dømet under frå NOARK 5 kjerna, som døme på korleis dette er tenkt.



Dersom det var standardisering som i eksempelet over, ville det vere enklare å utføre testing og kontroll. Høyringsnotatet peikar fleire gongar på at det frivillige test- og godkjenningssystemet ikkje har fungert etter intensjonen. Nesten ingen har gjennomført test- og godkjenning av sitt fagprogram. På bakgrunn av dette, meiner vi det må vere ei meir formell test og godkjenningsordning for dette, ei sertifisering. Vi er samd i høyringsnotatet punkt 3.3.1, siste avsnitt som omhandlar dette.

Ved formell sertifisering, kan tilsyn ved Datatilsynet og Helsetilsynet lettare gjennomførast, då det er målbare forhold som skal kontrollerast. Sanksjonar kan settast i verk ved brot.

Elektronisk meldingsutveksling har vore eit langdrygt prosjekt i Norge. Høyringsnotatet legg opp til at det er viktig at alle aktørar held på samtidig, er kome like langt. Men dette har ikkje skjedd, mykje av di ein har basert seg på det frivillige og engasjement. Innføring og bruk av nye sertifiserte versjonar må vere koordinert og innføring må skje på dato/tidsfrist i alle system som kommuniserer, og det må vere sanksjonar overfor for dei som ikkje held dette.

2. NHN Adresseregister m.v

Det er viktig at alle aktørar brukar same standard for sine registreringar i NHN sitt Adresseregister. Vi registrer i dag at det t.d er ulike oppsett for Helseføretaka i registeret. Dette kan ha konsekvens for dei som kommuniserer med desse via sine fagsystem. Forskrifta og høyringsnotatet legg ikkje opp til krav om automatisk oppdatering i NHN adresseregister via fagsystema. Vi meiner det må bli einstydig krav om oppsett og struktur i registeret, og med pålagt krav om automatisk oppdatering frå journalsystema i verksemdene. (vi syner til OCIAN- prosjektet).

3. Dispensasjonar

Ein bør vere svært restriktiv med omsyn til dispensasjonar frå krav. Dispensasjonar vil truleg gå ut over sluttbrukar og kan forseinke mange aktørar. Vi opplever store utfordringar i dag knytt til ulike tekniske oppsett (deskryptering/ PKI-sertifikat, ulike versjonsnummer av meldingar hjå avsendar og mottakar mv)

Nasjonale krav frå Norsk Helsenett er at alle aktørar skal ha elektronisk samhandling i løpet av 2014. Dersom ein skal ha dette som mål, må alle ha same krav, i alle ledd. Eventuelle dispensasjonar må vere med avgrensa tidsperiode, og for aktørar som ikkje har stort volum på meldingsutveksling (jf høyringsnotatet pkt 5.1, sjette avsnitt). Det har vore nasjonale krav og mål i mange år å kunne samhandle elektronisk, og alle aktørar har hatt mange år å førebu seg.

4. Administrative og økonomiske konsekvensar ved ny forskrift

Iversetting av forskrifta vil ha administrativ og økonomiske konsekvensar for mange. For legekontor og helseføretak som har brukt elektronisk meldingsutveksling med kvarandre i fleire år, er det etablert rutinar og teke i bruk fagprogram som har mykje av standardiseringa på plass. Likevel vil det i løpet av 2014 kome PLO-meldingar etter ny kravspesifikasjon, som gjer at alle fagprogram må gå til innkjøp av oppdateringar eller kostbar konsulentbistand. Det er naturleg at det er brukar av fagprogram som betaler dette, men kostnad varierer frå leverandør til leverandør.

For kommunale pleie - og omsorgstenester vil 2014 vere det året der ein har fullskalautrulling både mot legekontor og helseføretak. Mange kommunar har prioritert elektronisk meldingsutveksling, andre har venta. Årsaker til dette er ofte oppgitt i at det er eit økonomisk løft, og at det manglar spisskompetanse eller lokal kunnskap for å gjennomføre dette. Høyringsnotatet i punkt 6 seier noko om kostnader både for kommunar, fastlegar og helseføretak. Forskrifta vil nok ha størst konsekvensar for kommunane, for at alle skal vere i eit ” samtidig” løp.

Skal vi få til ei god koordinering og få med alle aktørar, må økonomiske verkemiddel vurderast. Det har vore ytt midlar via ” Meldingsløftet”, pilotprosjekt Elin-K, Elin-H, OSIAN osv, men dette er ikkje nok. Vurderingar opp mot standarar/ programvare og eventuelt leverandørar må vurderast, og midlar til kommunar og andre som oppstartsbeløp vurderast. Det bør ytast eit eingongsbeløp i samsvar med rapporten frå PVC, for ALLE kommunar. For kommunar som er godt i godt med elektronisk meldingsutveksling, vil dette vere ein kompensasjon for arbeid som er ytt. For kommunar som er i startfasen, vil det vere naudsynt hjelp til å kome i gong raskt. Det må vere fastlagd rapporteringsmåte for tildelte midlar. Vidare må det inn faste midlar som del av rammeoverføringane til kommunane, då dette er ny pålagd oppgåve som skal utførast. Tilsvarende vurdering må vere overfor t.d fastlegar og helseføretak, om det skal inn som midlar via statsbudsjettet.

Med helsing IKT-Utvalet i Møre og Romsdal, ved

Evelyn Haram Larsen	Sverre Engeskar	Helen Fannemel Markskog
Atle Betten	Jan Morten Dale	Sven Thore Prytz
Øivind Hagen	Steinar Holm	

Kopi til:
Overordna samhandlingsutval i Møre og Romsdal
Rådmannsgruppene i Møre og Romsdal

